



Coop Hordaland
Kokstaddalen 18
5257 KOKSTAD

Referansar:

Dykkar: Ref.:J7WQ28- Skjemanr.:235
Vår: 17/2123 - 17/14920

Saksbehandlar:

Anne Dahle Austrheim
anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no

Dato:

04.12.2017

Endring av styrar for salsløyve - Coop Manger

Me viser til søknad motteke 31.10.2017 om endring av styrar for salsløyve Coop Extra Manger.

Coop Hordaland søker om endring av styrar og stedfortredar for salsløyve alkohol for Coop Extra Manger. Ny styrar er Karoline Kolstad Kvalvåg og stedfortredar er Kjersti Kolstad Kartveit.

Søknaden har vore til uttale hjå Vest politidistrikt og dei har ingen merknader til søknaden. Både styrar og stedfortredar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova og oppfyller kravet om dokumentert kunnskap om alkohollova. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.

Vedtak:

I medhald av alkohollova §1-7c vert det gjeve løyve til endring av styrar for salsløyvet for alkohol for Coop Extra Manger. Karoline Kolstad Kvalvåg styrar for løyvet og stedfortredar er Kjersti Kolstad Kartveit.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar kultur- og sørvistorget Anne Dahle Austrheim.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Coop Hordaland

Kokstaddalen 18 5257

KOKSTAD